



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**  
*Statsråden*

SIVA - Selskapet for industrivekst SF  
Postboks 1253, Pirsenteret

7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref  
08/52 - 1 KM

Dato  
11 FEB 2009

**Statsbudsjett 2009 - Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling:  
Program og satsingar i regi av SIVA - Oppdragsbrev**

**1. Innleiing**

Kommunal- og regionaldepartementet syner til St.prp. nr. 1 (2008-2009) for departementet, Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og til orienteringsbrev datert 7.10.2008. I dette oppdragsbrevet gir departementet rammene til SIVA over kap. 552, post 72. Brevet inneheld også presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde over.

**2. Disponible rammer og løyvingar**

*Tabell 1. Oversikt over midlar som vert stilte til disposisjon for verksemda til SIVA i 2009.*

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	73 000

Samla løyving på kap. 552, post 72 er 407,7 mill. kr. Av desse vert 73,0 mill. kr stilte til rådvelde for SIVA. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over fordelinga av posten mellom alle verkemiddelaktørar og Kommunal- og regionaldepartementet. Løyvinga skal disponerast i samsvar med Reglementet for økonomistyring i staten.

**3. Overordna mål for SIVA**

SIVA skal bidra til innovasjon og næringsutvikling gjennom eigedomsverksemd og utvikling av sterke regionale innovasjons- og verdiskapingsmiljø i alle delar av landet. SIVA har eit særleg ansvar for å medverka til å fremja vekstkrafta i distrikta, jf. SIVA sine vedtekter av 30.5.2007.

## **4. Sektorpolitiske mål og styringssignal**

### **4.1 Mål for distrikts- og regionalpolitikken**

Statsbudsjettet tek m.a. utgangspunkt i distrikts- og regionalmeldinga St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*, som er ei oppfølging av Soria Moria-erklæringa. Regjeringa vil leggja til rette for at alle skal ha fridom til å busetja seg der dei ønskjer, og å utløysa verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. For å nå desse måla, er det viktig å fremja utvikling av arbeidsplassar, gode tenestetilbod og attraktive stader i alle delar av landet. Statleg innsats på mange politikkområde er viktig for å nå måla i distrikts- og regionalpolitikken. Regjeringa har i statsbudsjetta for 2006-2008 lagt stor vekt på auka midlar til lokal velferd gjennom kommunesektoren, og til samferdsel gjennom både transportinfrastruktur og breiband. Dette, og gjeninnføringa av differensiert arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2007, er svært viktige element i regjeringa si oppfølging av det distriktspolitiske løftet og har mykje å seia for å kunna nå distrikts- og regionalpolitiske mål.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programområde 13.50 skal styrkja grunnlaget for busetjing og verdiskaping tilpassa regionale utfordringar. Midlane skal i all hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske virkeområdet. Evna til omstilling, innovasjon og entreprenørskap blir stadig viktigare i ein situasjon der konkurransen over landegrensene aukar. Regjeringa legg stor vekt på at verkemidla medverkar til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter, næringsmiljø og i område med særlege utfordringar.

Regjeringa legg vekt på at SIVA i forvaltninga av dei næringsretta verkemidla, medverkar til å byggja ned eventuelle barrierar for unge, kvinner og innvandrarar. Betre høve til entreprenørskap blant kvinner og unge vil leggja til rette for å skapa eigne lønsame arbeidsplassar nær heimstaden. Dette kan styrkja den lokale arbeidsmarknaden, næringsmiljøet og busetjinga i distrikta.

### **4.2 Andre styringssignal**

#### Kvinner som målgruppe:

Regjeringa vil prioritera å fremja entreprenørskap blant kvinner og lanserte i 2008 «Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner». Målet er at vesentleg fleire kvinner skal verta entreprenørar, og at kvinnedelen blant nye entreprenørar minst skal vera 40 pst. innan 2013. Departementet ber SIVA om å bidra til å nå dette målet.

Verkemiddelaktørane skal gjennom si forvaltning av dei midla som vert stilte til rådvelde frå departementet, arbeide for å fremja likestilling mellom kjønna og auke kvinnedelen i næringslivet og blant entreprenørar. I dag mottek menn, direkte eller indirekte, ein større del av støtta enn kvinner. Departementet ber difor SIVA prioritera kvinner som målgruppe, og arbeida for ei vesentleg auke i kvinnedelen innanfor aktuelle program og tenester.

I 2008 utarbeidde verkemiddelaktørane måltal for delen kvinner i ulike program og tenester. Departementet ber om at dette arbeidet vert følgt opp i 2009 i dialog med departementa. Verkemiddelapparatet vert bede om på eigna måte å arbeida for å auka kvinne delen i styrer og leiing for verksemdar som mottek støtte, og rapportera på tiltak sette i verk i samband med dette. Departementet ber vidare om å framskaffa statistikk fordelt etter kjønn, og i 2009 vurderer om dei skal rapportera for delen kvinner og menn i dei aktuelle programma og tenestene.

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til at 40 pst av dei næringsretta verkemidla under departementet skal treffa kvinner innan 2013. Departementet ber verkemiddelaktørane bidra til dette gjennom aktiv oppfølging av handlingsplanar og måltal. Departementet oppmodar verkemiddelaktørane til fortsetja å samarbeide sentralt, men òg vidareutvikle samarbeidet på fylkesnivå, saman med fylkeskommunane og andre relevante aktørar.

#### Samarbeid med dei andre verkemiddelaktørane

SIVA skal vidareføra det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, og spesielt i høve til dei felles programsatsingane (til dømes NCE-programmet). Departementet ber også om at det forsterka analysesamarbeidet blir vidareført. Dette er viktig for at verkemiddelaktørane skal fungera godt som premissleverandør for departementa.

#### Tilhøvet til fylkeskommunane som regional utviklingsaktør

Departementet forventar at SIVA har eit aktivt tilhøve til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og tek del i partnerskapsarbeidet på regionalt nivå i samband med etablering og utvikling av program finansiert over kap. 552, post 72. KRD føreset t.d. at SIVA heller ikkje set i gang enkeltprosjekt i noko fylke utan at finansieringa på førehand er avklåra med fylkeskommunen.

SIVA bør også spela ei viktig rolle i å medverka til utvikling av regionale program for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna knytt til omstillingsprosessar i fylka. Slike program kan verta finansierte med utviklingsmidlar over kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling, og med midlar som er sette av over kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift. I denne samanhengen er både formidling av erfaringar og metodar frå nasjonale program og spleiselag mellom nasjonale og regionale midlar aktuelt. Fylkesfordelinga av kap. 551, post 60 går fram av vedlegg 2. Departementet vil senda ei oversikt over fylkesfordelinga av kap. 551, post 61 i eit eget brev.

#### Innovasjon i Nord-Noreg/Nordområdestrategien

Frå og med 2009 er det oppretta ein ny post: Kap. 551, post 71 Nordområdetiltak. Over denne posten er det løyvd 100 mill. kr i 2009 for å utvikla innovasjonsevna i Nord-Noreg. Midlane skal prioriterast til fylkesovergripande satsingar innan reiseliv og

arktisk teknologi. Departementet legg vekt på at denne særskilte innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og dei desentraliserte verkemidla over kap. 551, post 60 og 61 i Nord-Noreg.

Av dei 100 mill. kr løyvde over kap. 551, post 71 i 2009 er 50 mill. kr øyremerkte til profilering og marknadsføring av landsdelen i utlandet gjennom eit felles nord-norsk reiselivsselskap. Departementet vil i dialog med fylka avgjere korleis desse midlane skal nyttast når selskapet er formelt etablert.

Vidare er det sett av 35 mill. kr som skal nyttast til ei fylkesovergripande strategisk satsing på kunnskapsretta infrastruktur, "Forskingsløft i Nord", i regi av Noregs forskingsråd. Fokus i denne satsinga skal og vere arktisk teknologi og reiseliv.

Dei resterande 15 mill. kr på kap. 551, post 71 skal gå til meir direkte næringsretta prosjekt innanfor dei to fokusområda. Denne løyvinga er ei oppfølging av løyvinga på 10 mill. kr til det same formålet over 2008-budsjettet. Departementet syner til tillegg til oppdragsbrev for 2008 sende til IN og Noregs Forskingsråd den 23. desember 2008. I desse breva vart nærare premisser og mål for bruken av dei næringsretta ekstramidlane sette.

Departementet føreset at SIVA, IN og Forskingsrådet samarbeider om opplegg for ein framtidsretta bruk av desse ekstramidlane, basert på analyser av no-situasjonen, føremoner, moglegheiter og utfordringar både innan reiseliv og arktisk teknologi. I denne analysen må ein og ha for auge at den beste måten å nytta desse midla på, kan vere å styrkje allereie pågåande program i regi av verkemiddelaktørane, til dømes VRI, Arena, NCE eller SIVA sine program. Innovasjon Noreg koordinerar innspelet på reiseliv, Forskingsrådet tilsvarande på arktisk teknologi.

Endeleg fordeling av midlane mellom verkemiddelaktørane vil verte gjort etter at innspela er komne til departementet pr. 27. februar. Dette vil skje gjennom eit tillegg til oppdragsbrev for 2009.

#### Melding om distrikts- og regionalpolitikken

Regjeringa vil leggja fram ei ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken våren 2009. Meldinga vil leggje rammene bl.a. for regjeringa sin næringsretta distrikts- og regionalpolitiske innsats i neste stortingsperiode, og vil bli sett i samanheng med Innovasjonsmeldinga.

#### Forvaltningsreforma

Forvaltningsreforma vert gjennomført frå 1.1.2010, jf. St.meld. nr. 12 (2006-2007) og Ot. prp. nr. 10 (2008-2009). I 2009 vil fokus i stor grad vere planleggjing og konkretisering for iverksetjing. Reforma er viktig for både fylkeskommunane og dei nasjonale verkemiddelaktørane. KRD viser til at NFR, IN og SIVA har aktivt del på møteplassar

med fylkeskommunane der reforma har vore tema, og vil oppmoda til framleis konstruktiv samhandling i 2009. Oppdatert informasjon vert gitt på [www.regjeringen.no/krd](http://www.regjeringen.no/krd).

I Ot.prp. nr. 10 har departementet omtala SIVA sitt forslag om å samla og vidareutvikla dei ulike innovasjonsaktivitetane gjennom etablering av regionale innovasjonsselskap der fylkeskommunane og andre kan kome inn på eigarsida. I proposisjonen heitar det at: "SIVA vil, sammen med fylkeskommunene, arbeide videre for å avklare interessen for slike selskaper, hvordan de skal organiseres og hvilke arbeidsoppgaver de eventuelt skal ha." Med utgangspunkt i dette vil NHD og KRD be SIVA og KS, i samarbeid med nokre fylkeskommunar, om å utarbeida utkast til ein rammemodell som kan nyttast som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet.

### 5. Nærare om løyvingane

Midlane til SIVA over kap. 552, post 72 skal generelt nyttast på område og satsingar der det er føremålstenleg med overordna, nasjonal koordinering. Det gjeld særleg der nasjonale fellesløysingar for regional utvikling vil vera kostnadseffektivt, for utvikling av nye verkemiddel og arbeidsmetodar og for spreing av kunnskap og erfaringar. Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor virkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Bruk av midlar utanfor virkeområdet må ha ei særskild grunngiving og må sjåast i samanheng med målet om å utvikla vekstkraftige regionar, jf. retningslinene for posten.

Kommunal- og regionaldepartementet har konkretisert ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, programkategori 13.50. Målstrukturen skal vera dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet. Programma i SIVA høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

Tabell 2. Samanheng mellom arbeidsmål og program under SIVA med ei samla økonomisk ramme på 73,0 mill. kr i 2009.

Arbeidsmål	Program	2009
1.1 Styrkja næringsmiljø	Næringshageprogrammet	24,5
	FOU-inkubatorprogrammet	16
	Regionalisering og nettverk m.v.	3
	Kultur-/næringsprosjekt	2,5
1.3 Entreprenørskap	Kvinner og entreprenørskap	11
	Industri-inkubatorar m.m.	14
	Inkubatorprogram for Mat og naturbaserte næringar	2

Nedanfor følger konkretisering for bruken av midlane på utvalde tema innanfor kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei enkelte programma når det gjeld mål og forventat resultat av innsatsen.

#### Arbeidsmål 1.1.

*Næringshageprogrammet.* Løyvinga skal nyttast til drifta av Næringshageprogrammet i samsvar med godkjente planar. Etter innspel frå SIVA i halvårsmøtet den 5. november 2008 er ramma til næringshageprogrammet redusert med 1 mill. kr. i høve til orienteringsbrevet av 7.10.2008. Løyvinga til FoU-inkubatorane er auka tilsvarande.

Etter gjeldande planar vil siste året med løyving til Næringshageprogrammet vere 2010. Mellom anna med bakgrunn i evalueringa av programmet frå 2008 vil departementet ta opp spørsmålet om vidare drift av programmet i stortingsmeldinga om distrikts- og regionalpolitikken som vert lagt fram våren 2009.

*FoU-inkubatorprogrammet.* FoU-inkubatorprogrammet får ei løyving på 16 mill. kr for 2009. Løyvinga skal rettast mot inkubatormiljøa utanfor universitetsstadene. SIVA skal utvikla vidare distribuerte inkubatorløysningar for å skapa tilvekst av bedrifter med vekstpotensial i mindre sentrale deler av landet, i hovudsak innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Departementet føreset at programmet er med og styrkjar innovasjonstakta i Nord-Noreg og til å realisera regjeringa sin Nordområdestrategi.

Om kvinnesatsing i Næringshage- og FoU-inkubatorprogrammet, sjå eget avsnitt om kvinnesatsing over, og under arbeidsmål 1.3 nedanfor.

*Regionalisering og nettverk.* Midlane skal gå til SIVA sine innovasjonsaktivitetar i dei enkelte regionane, til samhandling mellom ulike innovasjonsselskap og til SIVA si rolle som pådrivar i regional og nasjonal verdiskaping. Departementet føreset at SIVA i 2009 aukar innsatsen mot fylkeskommunane for å avklåra føresetnadene for etablering av regionale innovasjonsselskap som del av Forvaltningsreforma etter 2010, sjå avsnittet om Forvaltningsreforma ovanfor.

*Kultur/ næring – kulturinkubator.* Midlane skal gå til ei vidare satsing på kultur/næringsprosjekt i regi av SIVA. Det er viktig å utvikla vidare den kunnskapen ein har hausta frå pilotprosjektet "Nasjonalt inkubatornettverk," KIBIN, og trekkja den inn i dei andre programma under SIVA. Departementet syner til dei spesielle utfordringane som er knytte til kommersialisering av idear på kultur/næringsområdet og ønskjer at restmidlane frå 2008 og løyvinga for 2009 vert brukte til å styrkja dette arbeidet i inkubatorane og næringshagane. SIVA må leggja opp til eigen rapportering på bruk av desse midlane.

### Arbeidsmål 1.3

#### *Kvinner og entreprenørskap.*

SIVA får i 2009 auka ramma for arbeidet med å styrkja entreprenørskap blant kvinner med tre mill. kr til 11 mill. kr. Med atterhald om at Stortinget løyver midlar til satsinga, er det departementet sin føresetnad at denne satsinga skal halda fram tom. 2013. Midlane skal gå til arbeidet med å følgja opp måltala som vart utvikla i 2008, med mål om å auka kvinnedelen i SIVA sine program over post 72 og bidra til at 40 pst av nye entreprenørar er kvinner innan 2013.

Departementet oppmodar SIVA til å setja i gang ei evaluering av SIVA si satsing på kvinner og entreprenørskap i 2009. Nokre av midlane kan òg brukast til å styrkja samarbeidet mellom verkemiddelaktørane og synleggjera gode førebilete innan entreprenørskap. Departementet ber om at SIVA innan 27. februar 2009 legg fram budsjett for bruken av desse midlane.

*Industri-inkubator m. m.* Løyvinga skal brukast til vidareføring av industriinkubatorprogrammet i samsvar med tidlegare føringar og rammer. Innanfor ramma er det øyremerkt inntil 2,7 mill. kr til saman til industri-inkubatorane i Harstad og Hammerfest. Ramma gir dessutan opning for etablering av tre nye industri-inkubatorar i 2008-09.

*Inkubatorprogram for mat og naturbaserte næringer.* Departementet går, i samarbeid med Landbruks- og matdepartementet, inn for at det vert starta opp eit inkubatorprogram for mat og naturbaserte næringer. Med atterhald om at Stortinget gir dei nødvendige løyvingane, ser departementa for seg at programperioden vil vera fem år. Dette er i samsvar med utkast til programplan av 26. mars 2007 sendt departementa. Før programmet vert sett i verk vil det vera nødvendig med ei oppdatering av planutkastet der ein justerar omfanget av satsinga i samsvar med den reduserte, samla løyvinga frå departementa, og der ein serskilt konkretiserar resultatmål og -indikatorar i planen. Ei meir detaljert budsjettoppstilling for drifta det fyrste året er også ønskjeleg. Departementet ber om at ein tilpassa plan ligg føre innan 27. februar 2009.

Det ligg til grunn for KRD si løyving også til dette programmet at midlane skal nyttast til inkubatorar under programmet som ligg innanfor det distriktpolitiske virkeområdet i samsvar med retningslinene for kap. 552, post 72. Det ligg også til grunn at det vert stilt dei same vilkåra om prøving og kvalitet for opptak som inkubatorbedrift i dette programmet som i dei andre inkubatorprogramma drifta av SIVA.

### **6. Årleg rapportering og oppfølging av midlane under kap. 552, post 72**

#### Overføring av midlar

Kommunal- og regionaldepartementet vil overføra rammene til dei tre nasjonale verkemiddelaktørane i like store delar tre gonger i året: I februar, juni og oktober.

Departementet vil overføre midlane til same konto som i 2008 med mindre vi får annan beskjed.

### Rapportering

Departementet syner til vedlegg 3 (rapporteringskalender) for fristar.

Departementet ber om at årsrapporten frå SIVA inneheld vurderingar av måloppnåing for midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet innanfor arbeidsmåla under departementet sitt hovudmål 1.

Departementet syner til siste utgåve av rapporteringssystemet for Programkategori 13.50 frå 1. januar 2008. Departementet ber SIVA oversende elektronisk ei samanstilling av informasjonen etter det forenkla rapporteringssystemet i samband med årsrapporteringa.

SIVA skal underretta Kommunal- og regionaldepartementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrev straks verksemda får kjennskap til slike. I denne samanhengen bør SIVA også vurdere om omdisponeringa vil ha verknad for profilering av departementet.

Frå og med 2008 skal SIVA rapportera på kvinnedel i alle programma, ut frå fastsette indikatorar.

### Styringsdialog knytt til kap. 552, post 72

Departementet vidarefører styringsdialogen i form av to styringsmøte i 2009. Det første møtet er sett til 10. juni 2009 og skal i hovudsak handla om:

- Rapportering for føregåande år.
- Forslag om vidareføring, oppskalering, nedskalering eller utfasing av program i 2010. Forslaget skal vera grunngitt ut frå korleis programmet kan medverka til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla til departementet. Forslaget skal også synleggjera konsekvensar og prioriteringar ved uendra, auka eller reduserte rammer.

Møtet om hausten skal i hovudsak omhandla:

- Statusrapport: SIVA skal gjera munnleg greie for gjennomførte tiltak og bruk av midlane i samsvar med dette brevet.
- Budsjettet for år 2010 med utgangspunkt i målstrukturen til Kommunal- og regionaldepartementet.
- Budsjettinnspel for år 2011 med utgangspunkt i målstrukturen til Kommunal- og regionaldepartementet.

### Kommunikasjon

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å leggja vekt på kommunikasjonsarbeid, m.a. gjennom meir synleggjering av gode eksempel i distrikts- og regionalpolitikken. Kommunal og regionaldepartementet meiner at både departementet og SIVA har nytte



av kommunikasjonsarbeid, og ønskjer at verkemiddelaktørane skal vera aktive i å gjera bruken og resultata av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over departementet sitt budsjettområde meir synlege. Det er i stor grad verkemiddelaktørane, saman med fylkeskommunane, som gjennomfører distrikts- og regionalpolitikken i praksis, og som dermed best kan synleggjera gode døme på kva midlane vert nytta til. Vi ber om at SIVA arbeider systematisk med å syna fram bruken av midlane i media. SIVA bør ha jamleg kontakt med kommunikasjonseininga i departementet for å sjå på eventuell koordinering og medverknad frå departementet si side. I tillegg bør SIVA ha rutinar for å varsla departementet i forkant av offentleggjering av presseinfo, publikasjonar m.m. som er av interesse for departementet, og straks når verksemda får kjennskap til saker som kan verta kontroversielle i media.

### Evalueringar

Det er viktig at verkemiddelaktørane gjennomfører evalueringar av satsingar og program finansiert av midlar frå kap. 552, post 72 i kontakt med departementet. Kravet til evalueringar er forankra i økonomireglementet (§ 16) og er ein viktig del av arbeidet med å korrigera innretning og omfang m.v. på tiltaka. Kommunal- og regionaldepartementet ber om å verta involvert tidleg i prosessen, for å kunna delta i utforminga av evalueringane og/eller sitja i referansegruppe. Departementet ber vidare om å verta informert om hovudresultat frå evalueringane og korleis SIVA vurderer dei og planlegg å følgja dei opp.

### **7. Økonomiforvaltninga**

Løyvinga må disponerast i samsvar med dei vilkår, føresetnader og retningslinjer som er teken inn i Kommunal- og regionaldepartementet sin budsjettproposisjon for 2009, budsjettinnstillinga og Stortinget sitt vedtak. Løyvinga skal disponerast i samsvar med Regelverket for økonomistyring i staten. Nærare og meir detaljerte retningslinjer for disponering av løyvinga over Kap. 552, post 72 kan ein finna på [www.regjeringen.no/retningslinjer](http://www.regjeringen.no/retningslinjer). I høve til i fjor er det gjort nokre endringar i retningslinjene under pkt. 7. Kunngjering, og i vedlegg 3 til retningslinjene. Vedlegg 2 til retningslinjene, "Offentleg støtte - støttereclar og støtteintensitetar for støtte til enkeltverksemdar," er også oppdaterte i samsvar med endringar i ESA sine retningslinjer for offentleg støtte.

### Rekneskap og kontroll med løyvingane

SIVA skal føra eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva aktørar og kva prosjekt som er tildelte midlar og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Med helsing

  
Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg

1. Rammefordeling programkategori 13:50
2. Fylkesfordeling av midlar over kap. 551, post 60
3. Rapporteringskalender for 2009

Kopi til:

Distriktssenteret  
Innovasjon Noreg Hovudkontor  
Noregs forskingsråd  
Nærings- og handelsdepartementet  
Plan- og administrasjonsavdelinga  
Riksrevisjonen